

Statens Kartverk

Kristiansand

Klage -namnesak 2020/316 og 2020/443 – vedtak 19.10.21.

Eg vil fyrst seia meg glad for at Kartverket i de aller fleste tilfella har akseptert dei ynksje om namneform eg har kome med. I nokre tilfelle har inn likevel ikkje gjort det, og klage blir med dette sett fram.

61790 Stora ravatnet/Urevatn lyder vedtaket. Eg set pris på at ein har akseptert ulik nemning i Røldal og Vinje. Men, ein har ikkje akseptert at i Vinje brukar me ikkje samanbindingsvokal i dette høvet. I grunngevinga for ein annan stad med same namn (7982070) har ein vist til at Rauland Historielag ynskjer dette. Det er ei mistyding, jf vedlagt brev frå RH. Kva skriftradisjon og eldre opplysningar om uttale seier, må vera underordna kva som er vanleg seieiemåte i dag, og det er **Urvatn**.

Aksept for *Urvatn* må rimelegvis få konsekvens for der vatnet er nemnt i samansette namn.

Eg er fullt klar over at dette vil vera inkonsekvent i i høve til *Ureskar*, som har samndiingsvokal. Slik er talemålet, det finst ikkje systematikk for når ein brukar slik vokal og ikkje. Slik er det og med bruk av binden i høve ubunden form.

549613 Kostveitvatnet. Det undrar mykje at ein her har valt bunden for. Høyringsvara seier ubunden form. Det er såleis beint ut gale når ein grunnjev vedtaket «den nedervde lokale uttalen». At det finst ein skriftleg radisjon må vera underordna, på eit tidspunkt var så godt som alle stadnamn skrivne i bunden form. Det fenomenet var grunnen til at eg i si tid valde å engasjere meg i dette sakskomplekset.

Når ein nemner -vatn med ein fyrelekk, er ubunden form absolutt dominerande. Unntak finst, sjå under.

108313 Filleherbergvatni. Eg er takksam for at ein no endeleg fekk bytt med Sakrisvatn. Men, det er ikkje rett å bruke noko som ser ut som fleirtal. Eg er kjend på staden, og det er ikkje rett å nemne «løkar» i denne samanhengen. Løk tyder «djup, stillerennande bekk (med svak straum)». Her er det eit vatn i underkant av ein km langt og nokre pyttar nedanfor der, før ein kjem til Sakrisvatn. Eg minnar og om opphavet til namnet, i nordaustenden av vatnet er ein bitte liten heller, eit rettleg filleherberge.

Så har eg høyrte meg fyre hjå folk i Haukeli/Edland, om det skal vera bunden eller ubunden form. Her sprikjer svara. Eg vågar då meine at forma *Fillherbergvatni* er bunden form, gammalt vinjemål har vokalendring av artikkelen i bunden fom i hokjønn og inkjekjønn, *boki* blir til *bokje* og *huset* blir til *husi*. Som ein konsekvens av dette må ein her velje mellom – vatn og -vatnet. Skal eg konkludere på bakgrunn av dei svar eg fekk, blir konklusjonen **Filleherbergvatn**. Ubunden form er mest vanleg, jamvel om bunden form og finst.

65681 Bjønnurdebotnin. Lokal uttale er fullvisst *Bjønnurbottin*. Dette har eg frå Odd Lien (f. 1945), busett på sataden, til liks med forfedrane sine. Ivar Aasen nemner forma *bott* for botn i Gudbandsdalen og Hallingdal. Så fekk sjølvstakt gamle Ivar ikkje med seg alt. Sigmund Holte i Tinn meiner at gamalt tinndølmål var *bott*. I bunden form blir det då *bottin*. Tinndølmålet har vokalendring i den bundne artikkelen. Talemålet nord og aust på Møsstrand var tidlegare tinndølmål, mange frå Tinn busette seg der på 1700- talet. - *botnin* gjev inga mening i talemålet. Forma **Bjønnurbottinn** er og registrert tidlegare, og må vera rett å bruke no, men då helst med berre ein n til slutt.

Rauland, 25.11.2021.

Johan Vaa (sign.)

Leiar Vinje HG

Kopi til Vinje kommune